

Innspel til høyring NOU 20199 Fra kalveskinn til datasjø - Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver

Vår ref: 327/19-021km Tyssedal, den 29.11.2019

Kraftmuseet har heilt frå oppstarten arbeidd med privatarkiv som ein viktig del av verksemda, og er blant dei 25 største aktørane i Noreg som tek imot, ordnar, tek vare på og formidlar privatarkiv for ettertida. Frå 2018 er Industriarkivet ein av Kraftmuseet sine store satsingar, og er organisert som eiga avdeling med tilhald i industribygg rehabiliterert til arkivføremål på Smelteverkstomta i Odda. Det arkivprosjektet Industriarkivet arbeider intensivt med no, er Boliden-arkivet. Dette prosjektet har fått støtte frå Arkivverket, Hordaland fylke og Odda kommune over 3 år, i tillegg til det Boliden Odda AS sjølv legg inn i prosjektet.

Det er bra at det er kome eit nytt lovforslag om arkiv. Kraftmuseet meiner òg det er bra innhald i paragrafane om personvern, og likar godt forslaget om Nasjonalarkivet som namn og som direktorat. Kraftmuseet meiner at lovutkastet er for omfattande tekstmessig. Lova bør bli meir distinkt formulert. Det ville vore ein fordel om ein del av teksten i lova heller kjem i forskrifter. Det skapar òg tvil om kva delar av lova som vert gjeldande for institusjonar som arbeider med privatarkiv utan å vera statlege eller kommunale institusjonar.

Vi peiker vidare på desse punkta:

§1: Vi meiner omgrepet *samfunnsdokumentasjon* er eit for «rundt» omgrep til å bli nytta i lovs form. Det burde stå i §1 at lova gjeld offentlege og private arkiv.

§2: Vi undrast over at ikkje bibliotek og museum er spesifisert under verkeområdet til lova, trass i at mange museum og bibliotek tek vare på særskild verneverdige arkiv, og arbeider etter arkivfaglege standardar med desse.

§5.d: Punktet tek for lite inn omsyn til at mange institusjonar fungerer som arkivinstitusjonar i til dels store delar av verksemda si. Dette gjeld mange museum og bibliotek, men òg andre institusjonar. Vi meiner omgrepet arkivinstitusjon skal omfatta alle institusjonar som arbeider med arkiv, offentlege og private.

Kraftmuseet sluttar seg i hovudsak til innhaldet i kapittelet Private arkiver, men hadde ønskt det vart ei plikt for næringslivet å ta vare på arkiva sine. Vi ser likevel at det er eit vanskeleg pålegg å gje verksemder som driv uavhengig av det offentlege. Det Arkivverket kan gjera, er å nytta økonomiske midlar som gulrot overfor verksemdene og regionale arkivinstitusjonar og slik stimulera til at deponering og ordningsprosjekt kjem i gang. Då vil delen av privatarkiv som er bevarte og formidla auka monaleg. SAMDOK-prosjektet peika på den skeive fordelinga av offentlege og private arkiv som er bevarte og tilgjengelege. Prosjektet vurderte dette som eit stort problem når det norske samfunnet som heilskap skal beskrivast og forskast i.


Kraftmuseet sluttar seg elles til innspela frå Arkiv forbundet og Museums forbundet i deira høyringsuttalar.

Siri Jordal,



Leiar for Industriarkivet
og samlingsansvarleg Kraftmuseet

Knut Markhus,



Direktør Kraftmuseet